



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 2. halvår 2025



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune
det andre halvåret 2025.

Tekst og redigering: Vigleik Brekke

Foto: Monica Hovland, Linda Merkesdal, ØyVAR, Ottar Vik, Kjell Andersland, Sund ungdomsskule, Skogsvåg skule, Sotra Sportsklubb, Veidekke (skisse), Amini Farshid, privat og Vigleik Brekke

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Juli

God kvalitet på badevatnet

Det vart gjennomført prøvetaking av tre badevatn og fem badeplassar i sjø i Øygarden i slutten av juni. Konklusjonen tidleg i juli var at kvaliteten på vatna var god. Det er Miljøretta helsevern i Bergen kommune som har gjennomført prøvetakingane på vegner av Øygarden kommune. Det vart gjort prøvetakingar av badevasskvaliteten i Blomvatnet, Skiftedalsvatnet og Smivågen. I sjø er det gjennomført test av Geitevikja, Tjeldstø, Ovågen, Ormhilleren og Kårtveitpollen.



Vedtekne adressenamn

Plan- og miljøutvalet vedtok på det siste møtet før ferien adressenamn for tre gågater i Straume sentrum. Det er Sigrid Utkilens gate, Alexander Dale Oens gate og Johannes Kleppeviks gate. Eit namnutval gjennomførte høyring, vurderte nye innspel og henta uttale frå Språkrådet. PMU endra på to av dei framlagte forslaga til namn på gågatene.

ØyVAR utplasserte naudvasstank etter vassleidningsbrot



I om lag to døger i juli (08.-10. juli) rådde ØyVAR folk på Blomøyna, Rongøyna og Toftøyna til å koka drikkevatnet. Det kunne førekoma misfarging på vatnet, men når det vart koka var det trygt å drikka. Torsdag kl. 12 meldte ØyVAR at kokevarselet var oppheva. Direktør i ØyVAR, Bjarne Ulvestad, sa på tysdag at selskapet hadde kontroll på situasjonen.

Markerte 22. juli på Stranda: - Vi må seia frå

- I dag er det 14 år sidan den mørkaste dagen i norsk fredstid. Det er 14 år sidan ein høgreekstrem terrorist tok livet av 77 menneske. Vi er samla for å sørgja, stå saman, men også for å seia frå. Dette sa leiar i AUF Vestland, Noah Amundsen Sellevold, under 22. juli-markeringa ved minnestøtta ved Stranda skule. Øygarden kommune var representert ved leiar i plan- og miljøutvalet Børge Haugetun som heldt appell og la ned blomekrans. Biletet frå venstre; Silje Ulveseth, Børge Haugetun og Noah Amundsen Sellevold.



Livssynsnøytralt seremonirom



I Øygarden kommune er Rong kulturhus peika ut som livsnøytralt seremonirom. Der kan både småsalen og storsalen nyttast, eventuelt begge samstundes. Lokalet kan bestillast gjennom «Aktiv kommune». Der finn du bilete og all informasjon om dei ulike romma i lokalet. Seremonirommet er tilgjengeleg for alle som ønskjer å gjennomføra ein seremoni utan religiøst innhald

August

Gjekk heilt til topps



Sotra Sportsklubb G14 vann gull i Norway Cup då laget slo Florø 3-0 i Norway Cup 2. august. Ordførar Tom Georg Indrevik gratulerte vinnarlaget då det kom heim til Øygarden same kveld etter ein lang busstur. Sund Sportsklubb J13 vann bronse då laget slo Holeværingen 3-2 i bronsefinalen.

100 år: Borgny likar seg best på Heimtun

Den 3. august vart det feira at Borgny Torsvik er 100 år. Ordførar Tom Georg Indrevik var på plass og gratulerte jubilaranten og overrekte blomar. Borgny er den i familien som hugsar namn, fødsels- og andre merkedagar i slekta. Denne gongen var det hennar tur. - Ho hadde godt humør og var ei svært hyggeleg dame, seier ordføraren etter besøket.



- Vi er klare



Den 11. august hadde 43 lærlingar den første arbeidsdagen sin i Øygarden kommune.

- Vi ser fram til å arbeida med folk, sa tre av dei vi snakka med på introduksjonsdagen på Rong kulturhus. No ventar to år med praksis og eit reelt møte med arbeidslivet. På biletet frå venstre; Maylen Sunde, Colin Nymark og Synnøve Træen Hovden.

Vil vera meir ute i friminutta

Det var fest på Sund ungdomsskule den 18. august då det nye uteområdet vart offisielt opna av ordførar Tom Georg Indrevik.

- Vi lovar å halda oss meir utandørs i friminutta no, sa Nora Kalgraff. Håkonsund og Ida Sofie Rokkan. For fem millionar kroner er det kome på plass ein flott fotballbane (7ar-bane), basketballbane, treningsområde, fuglereirdisse og opprydding av uteområdet elles.



- Inspirerende å møta Øygarden kommune



Kommunalavdelinga i Kommunal- og distriktsdepartementet besøkte Øygarden kommune 21. august. Delegasjonen på 50 personar har hatt eit breitt fagleg program.

- Det var nyttig og inspirerende å høyra korleis Øygarden jobbar med dei utfordringane heile kommunesektoren står overfor, sa ekspedisjonssjef Cathrin Sætre etter møtet. På biletet frå venstre; kommunedirektør Johnny Breivik, ekspedisjonssjef Cathrin Sætre

og ordførar Tom Georg Indrevik

Dei første CO2-mengdene er lagra

I august transporterte Northern Lights dei første mengdene med CO₂ gjennom den 100 kilometer lange røyrleidninga og førte det inn i Aurora-reservoaret 2 600 meter under havbotnen i Nordsjøen.

September



Kyrkejubileum: - Det viktigaste er kva vi fyller bygget med

Den store jubileumsdagen for Hjelme gamle kyrkje fekk perfekte rammer med strålende ver og full kyrkje på gudstenesta 7. september.

- Det viktigaste er kva vi fyller bygget med, sa ordførar Tom Georg Indrevik. Det var det mange andre også som minna om denne dagen. Frå venstre; Espen Tveten, Bjørn Sæle, June Vibecke Indrevik, Jakob Henrik Hellesund, Tom Georg Indrevik og Jan Tommy Fosse.

Frp klart størst i Øygarden kommune

Framstegspartiet var det partiet i Øygarden som klart fekk størst oppslutnad i stortings- og sametingsvalet. Partiet fekk ein oppslutnad på 34,7 prosent. Arbeidarpartiet vart det nest største partiet med 21,1 prosent. Høgre fekk ein valoppslutnad på 17,0 prosent.

Eli Årdal Berland er død

Den første kvinnelege ordføraren i Fjell kommune, Eli Årdal Berland, døde 8. september 73 år gamal.

- Vi kjenner eit stort sagn, og tankane vår går til dei næraste, sa ordførar Tom Georg Indrevik. Høgrepolitikaren Eli Årdal Berland tok over som ordførar i Fjell då Lars Lie døde brått i 2010. Årland var ordførar fram til 2015



Oppgradert gate vert til glede for alle



Den 17. september var det offisiell opning av sentrumsgate Grønamyrvegen på Straume. Prosjektet til rundt 70 millionar kroner er finansiert gjennom Miljøløftet. Leiar i plan- og miljøutvalet, Børge Haugetun, sa at den oppgraderte vegen vil vera til beste både for syklende, gåande og andre trafikantar.

Biletet viser Børge Haugetun og Kari Gåsemyr som klipper snora for å markera opninga av sentrumsgata.


Veidekke skal byggja ny ungdomsskule

Den nye ungdomsskulen på Bildøyna skal byggjast av Veidekke AS. Totalkostnaden er på om lag 600 millionar kroner. 25. september vart det kjent kven som vann konkurransen. Skulen skal etter planen overleverast til Øygarden kommune 26. januar 2028. Skuledrifta startar opp i august 2028. Arbeidsstart på prosjektet er venta første halvår 2026 etter samspelsfase.



Nye leiarar i ungdomsrådet og råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF)

I oktober vart det vald nye leiarar i ungdomsrådet og RFF. Alva Betine Kilvik tok over etter Konrad



Ørn som var leiar fram til juni. Eivind Økland vart vald som nestleiar. I RFF vart Lisbeth Hjortland vald som leiar etter Ingvild Skaar. Nestleiar er Christian Daae-Hansen. Bileta viser det samla ungdomsrådet og leiar og nestleiar i RFF.

Oktober

-Stolte unge strilar med glød



Kvelden den 2. oktober stod høgdepunkta i kø då Sund ungdomsskule hadde framsyning på Panorama Hotell & Resort. Dette var avslutninga på prosjektveka der timeplanen vart bytta ut med prosjektarbeid.

- Eg er skikkeleg stolt av elevane og dei tilsette på skulen, sa rektor Anne Hufthammer. Temaet for prosjektveka var ein av verdiane til Sund ungdomsskule, nemleg "Stolt ung stril - med glød".

Skogsvåg skule sprang skuleløp - «Løp for havet»

Tradisjonen tru arrangerte Skogsvåg skule i oktober det årlege skuleløpet for FORUT og i år var temaet - «Løp for havet». Trass i kraftig vind stilte heile skulen opp og sprang med stor innsats og godt humør. Elevane imponerte stort og fleire sprang seg inn til nye rekordar!



- Inspirerende og lærerikt besøk



I midten av oktober fekk Øygarden kommune besøk av kommunal- og distriktsdepartementet og åtte kommunar som saman med Øygarden er med i eit pilotprosjekt om nærtastesenter. Utgreiingsleiar i departementet, Anne-Merete Halpern opplevde dette som eit nyttig besøk. Som ein del av pilotprosjektet, har innbyggartorget og biblioteket på Straume ope heilt til klokka 21.00 frå måndag til torsdag.

Feira jubileum med stormønstring

Det var invitert til fest i kultursalen på Øygarden rådhus kvelden 17. oktober. Øygarden song- og musikkråd feira sine første 40 år.

- Dette er noko vi byggjer, ikkje vedtar, sa ordførar Tom Georg Indrevik i helsinga til jubilaranten. I løpet av godt og vel to timar fekk publikum flotte og kvalitetsfulle innslag som synleggjorde det store mangfaldet i kulturlivet i Øygarden.



Byggjer ny skule på vestsida

Kommunestyret vedtok den 16. oktober å starta arbeidet med å byggja ny skule på Skålvika så raskt som mogleg (innan 2027). Bygget skal dimensjonerast for 150-200 elevar. I fase éin skal det byggjast eit nytt skulebygg på Skålvika. I fase to skal det leggjast til rette for ei eventuell utviding av skulen. Det vart også vedteke å etablere sjukeheim på Straume.

Høgt oppe og langt inne



- Når vi ser dimensjonane på dette, må vi seia at vi er heldige. Det sa ordførar Tom Georg Indrevik etter at han saman med varaordførar Anita Garlid Johannessen og kommunedirektør Johnny Breivik fekk omvising på brutårnet og i den nye vegtunnelen på Kolltveit den siste dagen i oktober. Sotrasambandet, som er eit OPS-prosjekt (offentleg-privat-samarbeid), har ei ramme på 23 milliardar kroner. Hovudbrua vert 30 meter brei, 900 meter lang og får 145 meter høge tårn.

November

- De arbeider godt med inkludering



Arbeids- og inkluderingsminister Kjersti Stenseng likte det ho såg og høyrde då ho besøkte Trigger og NAV på Straume 3. november. Statsråden var oppteken av at tiltaka i kommunane legg til rette for at folk skal koma ut i ordinært arbeid. - Mange kommunar kan læra av dette, sa Stenseng.



Ambisiøst budsjett med målretta prioriteringar



Kommunedirektør Johnny Breivik presenterte den 6. november framlegg til budsjett og økonomiplan. Driftsbudsjettet for 2026 har eit netto driftsresultat på 59 millionar kroner. Det er føreslått å investera for 380 millionar kroner i 2026

Erkjenner at det er mange dilemma



Mange aktørar på Øygardskonferansen 7. november snakka om kva dilemma dei møter i kvardagen. - Vi må finna ein balanse i dette, sa kommunedirektør Johnny Breivik då han saman med Kåre Bjørøy i Sartor Drange skildra dilemma både i det private og det offentlege. Astrid Aag Sartor Holding, Roy-Eddy Lie i Liegruppen og ordførar Tom Georg Indrevik snakka om Sotra Kystby (bilete).

- Dette er ein suksess

Reinhald i Øygarden har teke i bruk fem vaskerobotar. Robotane skal brukast på Landro skule, Liljevatnet barnehage, Sotra Arena og Bildøyhallen, i tillegg til Sundheimen. Biletet frå venstre; Elisabeth Midttveit, Therese Erstad, Stian Wikran Johansen, Stig Wågenes og Jarle Kvalvik.



Feira jubilarantar

26. november inviterte kommunedirektør Johnny Breivik til fest i kultursalen i rådhuset. Dei inviterte var tilsette som har arbeidd 40 og 25 år i kommunen. Breivik sa at jubilarane



representerer verdifull kompetanse og erfaring og at dei er dei viktigaste kontinuitetsberarane våre.

Nytt band i bygdebokserie

I slutten av november vart band 5 i serien Øygarden bygdebok lansert. Dette bandet er gards- og slektshistorie for den søre delen av Alvøyna. Bilete frå venstre; forfattar Kenneth Bratland, ordførar Tom Georg Indrevik, forfattar Kjell Alvheim og forfattar Yngve Nedrebø.



- De viser veg for andre



Det vart gjort stor stas på barna i Tiriltunet barnehage 26. november då både ordførar, varaordførar, målfolk og bankfolk troppa opp. Sotra Mållag, som med 50 tusen kroner i støtte frå Sparebanken Norge deler ut bokpakke til alle barnehagane i gamle Sund og Fjell, overrekte målblom til barnehagen. Mållaget har delt ut bokpakkar med 10 bøker til 27 barnehagar.

Desember

Gler seg over julebyen på Tednebakkane



Den 1. desember var det offisiell opning av julebyen på Tednebakkane omsorgssenter. Dette er fjerde året at senteret riggar til juleby i inngangspartiet. Bebuarane gledde seg stort over at det var vakkert pynta og at barna frå Blomvåg barnehage varta opp med vakker julesong. Bebuarane var også sjølv med og song julesongar under opninga.

- Vi håpar mange vil bruka bygget

Den 5. desember klippte varaordførar Anita Garlid Johannessen snora for å markera Gjenbruksløa på Straume for offisielt opna.

- Det er viktig at bygget vert teke i bruk av mange, seier varaordføraren. Gjenbruksløa ligg på haugen like ved Sartorlunden som vart opna i 2019.



Busshaldeplass på Torsvik er teken i bruk



Arbeidet er fullført og busshaldeplassen på Torsvik er teken i bruk. No er busstoppa både for nordgåande og sørgåande trafikk plassert på vestsida av fylkesveg 561. Då unngår ein at nokon må kryssa fylkesvegen for å koma seg til eller frå bussen. I juni 2022 omkom ein 12 år gamal gut då han kryssa vegen.

Demenskolet song seg inn i hjarto

- Musikk er ein veg tilbake til minne, kjensler og glede. Det sa kulturskulelærar og dirigent Erika Kroken før demenskolet gav publikum ein varm og ekte julekonsert i Foldnes kyrkje 10. desember. - Det var utruleg rørende å sjå dette fellesskapet og den gleda de viser, sa ordførar Tom Georg Indrevik.



Fekk pizza for god oppførsel



- I dag får de vera med på noko som få ungdomsskular får oppleve. Det sa avdelingsleiar Alfred Instefjord til dei 168 elevane som var klar for matøkt i allrommet i storefri 10. desember. Kva var annleis denne dagen? Jo, butikkane på Rong Senter spanderte pizza og brus til elevane som takk for god oppførsel på senteret.

Så kom budsjettet i hamn

Den 11. desember vedtok kommunestyret budsjettet for 2026 og økonomiplanen for 2026-2029. Budsjettet har ei ramme på om lag 2,9 milliardar kroner. I 2026 skal det investerast for om lag 270 millionar kroner.

Arbeidsmiljøpris til barnehage



Arbeidsmiljøprisen 2025 gjekk til Skogsvåg barnehage og overrekket av ordførar Tom Georg Indrevik på kommunestyremøtet den 11. desember. Skogsvåg skule fekk andrepremie og Straumsfjellet avlastning tredjepremie. - Barnehagen gjev håp, tru og bevis for at systematisk lokalt partsarbeid, leing og involvering verkar, skriv juryen om førstepremien.